

# Sak 1: Framlegg til forretningsorden

Framleggsstilla: Fylkesstyret i Vestland SV

## a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Alle lokallag har 1 utsending. Laga får deretter 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege utsendingar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 utsendingar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt hove tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon, ein søker permisjon gjennom møtesystemet eller via sekretariatet. Søknaden skal godkjennast av fylkesårsmøtet. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

## b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtekten var 25. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 27. januar. Før fråsegnssordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er når strek er satt i valdebatten.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i møtesystemet MyMeet.
- Framlegg i andre saker som til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på fylkesårsmøtet må 2/3 av utsendingane vere samd i at den skal handsamast.

## c) Innlegg og taletid

- Møtedeltakarane med talerett ber om innlegg via møtestystemet MyMeet.
- Taletida til innlegg er inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt

kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, har funksjonsvariasjonar eller andre særskilde behov, kan be om 1 minutt ekstra.

#### d) Røysting

- Framlegg må ha simpelt fleirtal (fleire røyster for enn imot) for å vedta saka. Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via MyMeet. Andre røysteregler står i vedtekten.
- Om det i personval blir likt røystetal blir det røysta ein gong til. Deretter vert det loddtrekking om det framleis er likt røystetal.
- Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / røysteføre krev det.